Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 576 52 613
Telefon SFO: 99 57 88 58



# Vekeplan for 3. steg
# veke 34 og 35

| | | MÅNDAG 21/8 | TYSDAG 22/8 | ONSDAG 23/8 | TORSDAG 24/8 | FREDAG 25/8 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50 09.35 | **Velkommen i amfiet og i klasserommet** | **Leik og samspel**  **Blåbærtur til Kleppa saman med fadrane**  | **Leik og samspel klassereglar** | **Kick off leseglede** **Forfattarbesøk**  | **Leik og samspel** **Turdag til Flotane for heile skulen**  |
| 2 | 09.35 10.20 | | | **Leik og samspel i Holerunane** | | |
| 3 | 10.35 11.30 | **Skulen les** | | | | |
| 4 | 12.00 12.45 | **Leik og samspel Samspelsaktivitetar ute** | | | | |
| 5 | 12.45 13.30 | | | | | |
| 6 | 13.45 14.30 | | | | | |
|  | | | **UTESKULE:** Pakke tursekk. Du treng sitjeunderlag, frukt, niste, drikke, byteklede, noko å plukke bær i og evt. ein bærplukkar. **Kle deg etter været!** | **UTESKULE:** Pakke tursekk. Du treng frukt, niste, drikke, sitjeunderlag og byteklede. **Kle deg etter været!** | | **UTESKULE:** Pakke tursekk. Du treng sitjeunderlag, frukt, niste, drikke, byteklede og. **Kle deg etter været!** |

| | | MÅNDAG 28/8 | TYSDAG 29/8 | ONSDAG 30/8 | TORSDAG 31/8 | FREDAG 1/8 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50 09.35 | **Matte** | **Matte** | **Matte** | **Leik og samspel** **Turdag til gapahuken på Seberg**  | **Leik og samspel** **Aktivitetsdag 1.- 4. steg**  |
| 2 | 09.35 10.20 | **Norsk** | **Engelsk** | **Norsk** | | |
| 3 | 10.35 11.30 | **Skulen les** | **Leik og samhald Sommarminne** | **Leik og samhald Sommarminne** | | |
| 4 | 12.00 12.45 | **Leik og samhald Leikegrupper** | | | | |
| 5 | 12.45 13.30 | | | | | |
| 6 | 13.45 14.30 | | **Leik og samhald Uteleik** | | | |
|  | | | | | **UTESKULE:** Pakke tursekk. Du treng frukt, niste, drikke, sitjeunderlag og byteklede. **Kle deg etter været!** | |


Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 576 52 613
Telefon SFO: 99 57 88 58

| | Dette arbeider me med desse vekene |
|---|---|
| Norsk | Lesing |
| Matematikk | Koordinatar |
| Engelsk | |
| Kroppsøving | Friluftsliv på uteskule |
| Tema | I veke 34 og 35 arbeider me med temaet leik og samhald i faga naturfag, samfunnsfag, KRLE og Kunst og handverk. |

## Velkomen til nytt skuleår

**Velkommen til 3.klasse!** 😊

Håpar de har hatt ein flott sommar! No er me klar for å ta fatt på 3.året saman med den flotte gjengen vår. Dei to første vekene, veke 34 og 35, er det sosialveker på skulen. Då er det særleg fokus på leik og trivsel. Me kjem til å vera mykje på tur og mykje ute med ulike aktivitetar og leikar. De ser på timeplan på den første sida kva me driv med om dagane.

**Dagsrytme**

Måndag: 08.50-13.30
Tysdag: 08.50-14.30
Onsdag: 08.50-12.45
Torsdag: 08.50-14.30
Fredag: 08.50-13.30

**Vaksne på steget**

Me vert dei same vaksne på steget i år også. Andrea er kontaktlærar i 3a og Mari er kontaktlærar i 3b. Andrea tek vidareutdanning, men vil vera på skulen måndag, tysdag og onsdag. Kristoffer er i 3a torsdag og Tone på fredag. Både Kristoffer og Tone skal vera faglærarar i begge klassar. Hege, Tina og Linda er også med. Maria skal vera med oss nokre av timane.

**Klede og utstyr**

Det er fint om de fyller opp korger med klede og utstyr som passar årstida. Hugs innesko! Det er lurt å merke både klede og sko tydeleg med namn slik at elevane kjenner att utstyret sitt.

**Kroppsøving og uteskule**

Me kjem til å vere mykje ute, -både på skuleområdet og på turdagar, desse to fyrste vekene. På vekeplanane over har turdagane grøn bakgrunnsfarge. Desse dagane er det særleg lurt å pakke tursekk og kle seg med gode turklede og sko som passar til været. I tursekken treng du: sitteunderlag, byteklede (særleg viss det er regn eller kaldt) og frukt og rikeleg med mat og drikke. Viss det er sol, er det lurt å ha med solbriller og å smørje med solkrem. Av ulike grunnar ynskjer me ikkje at elevane skal ha med seg tursjokolade kvar gong me er på tur eller uteskule. I denne perioden er det greitt med ein liten sjokolade på fellesturen fredag 25.august.

**Visma**

Det er viktig at de registrerer time- og dagsfråvær i Visma. Andre meldingar eller informasjon kan også sendast i Visma.

**Me ynskjer dykk ei fin veke!**
**Andrea og Mari**

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337